



Saksframlegg

Saksnr. utval	Utval	Møtedato
063/25	Formannskapet	27.11.2025

Byggesak - Dispensasjon og rammeløyve til opparbeiding av tomt og inntak/uttakstunnelar - gbnr 274/9 - Lutelandet

Kommunedirektøren sitt framlegg:

I samsvar med plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå plankrav etter pbl. § 12-1 til utslagspunkt for tunnellar i sjø og frå rekkefølgekrava i reguleringsplan for Lutelandet industriområde, planID 201302, §§ 2.1, 2.1.1, 2.1.2 og 2.1.3, til vesentleg terrenginngrep/masseuttak for opparbeiding av tomt/grunnarbeid, mellombels anleggsveg, utløp-/inntakstunnellar inkludert lukesjakter og fylling i sjø, på gbnr 274/9, Lutelandet.

Grunngjeving går fram av saksutgreiing.

I samsvar med plan- og bygningslova § 21-4, jf. §§ 20-1 k) og 20-3, godkjenner Fjaler kommune søknad om rammeløyve til vesentleg terrenginngrep/masseuttak for opparbeiding av tomt/grunnarbeid, mellombels anleggsveg, utløp-/inntakstunnellar inkludert lukesjakter og fylling i sjø i samsvar med situasjonsplan D01, D02 og D03, samt snitt-teikning, datert 27.06.25. Området er ca. 82 000 m², som gjev eit masseuttak på ca. 670 000 fm³. på gbnr 274/9, Lutelandet industriområde.

Følgjande vilkår ligg til grunn for vedtaket:

1. Tiltaket skal vere i samsvar med revidert situasjonsplan D01, D02 og D03, samt snitt-teikning, datert 27.06.25.
2. Anleggsområdet sikrast med anleggsgjerde og skilt for å hindre uvedkommande tilkomst til området.
3. Vegetasjon som kystlynghei skal nyttast til revegetering langs interne vegar på Lutelandet.
4. Ved bruk av knuseverk/pigghammar skal det etablerast støyskjerm med spesifikke krav til høgde, lengde og plassering.

5. Det skal gjennomførast effektive tiltak for å redusere støvutslepp frå all støvande aktivitet, blant anna ved bruk av støvavskiljar på boreriggjar.
6. Det må utarbeidast ein plan for miljøoppfølging (MOP) som tek opp i seg alle mogelege hendingar og tiltak for å avgrense skade på ytre miljø. MOP skal tilpassast kvar fase og elles oppdaterast ved endringar som har/kan ha konsekvens for ytre miljø. Miljøoppfølgingsplan må føreligge seinast ved søknad om igangsetting.
7. Det må lagast ein plan for tiltak for å oppretthalde grunnvassnivå i resterande myrareal nord for tiltaket (utanfor tiltaksområdet).
8. Anleggstart og vegetasjonsrydding må ikkje skje i yngleperioden (mars-juli). Storspove byrjer hekkinga tidleg.
9. Det må utarbeidast plan for lyssetting i anleggs- og driftsfase for å unngå unødig lysbruk og strølys. Fleire av artane registrert i området er sårbare for kunstig lys når det naturleg er mørkt.
10. Tiltaket må unngå/gjere tiltak for å redusere avrenning og utslipp til kystlynghei og myr.
11. Unngå avrenning frå sprengstein, da det vil gjødsle omgjevnadene og påverke det naturlege artsmangfaldet negativt.
12. Ved ev. støypearbeid må behov for tiltak vurderast. Avrenning frå støyp har høg pH, noko om kan påverke vegetasjon i området i lang tid. Vasslevande organismar i ferskvatn er ofte svært sårbare for forhøga pH.
13. ifm. utfylling i sjø skal det nyttast siltgardin eller boblegardin og turbiditetsovervaking for å redusere fare for at partiklar spres til eit større område.
14. Ved avslutning av masseuttak skal entreprenør levere dokumentasjon som viser totale mengdar avgravd og utsprengte masser, samt kvar og korleis massane er gjenbrukt/levert/deponert.

27.11.2025 Formannskapet

Handsaming:

Felles tilleggsframlegg, ved/ Espedal, Leif Jarle, AP

Formannskapet ser at å gi dispensasjon vil ha vesentleg lokal verdiskaping gjennom etablering av nye arbeidsplassar både i anleggsfasen og i den framtidige drifta av oppdrettsanlegget. Det er svært positivt at ein kan unngå utviding av akvakultur i sjø. Ved å flytte fiskeproduksjonen frå sjø til land blir belastninga på natur og miljø redusert og ei meir berekraftig drift blir mogleg.

Utbygginga på Lutelandet styrkjer næringsgrunnlaget i kommunen, gjev auka aktivitet for lokale leverandørar og bidreg til å vidareutvikle Lutelandet industriområde som eit regionalt tyngdepunkt for energi, marin og teknologisk industri. Etableringa vil bidra til eit meir robust lokalsamfunn med positiv utvikling for busetnad og næringsliv i Fjaler.

Endringsframlegg frå kommunedirektøren, ved/ ,

Punkt 3. i vilkår endrast til:

Vegetasjon som torv/myrjord og kystlynghei skal nyttast til revegetering for eksempel langs interne vegar på Lutelandet.

Røysting om felles tilleggsframlegget frå formannskapet: samrøystes

Røysting endringsframlegg: samrøystes

Røysting kommunedirektøren sitt framlegg med endringsframlegg og tilleggsframlegget:
samrøystes

FOR063/25 Vedtak i:

I samsvar med plan- og bygningslova § 19-2 vert det gjeve dispensasjon frå plankrav etter pbl. § 12-1 til utslagspunkt for tunnellar i sjø og frå rekkefølgekrava i reguleringsplan for Lutelandet industriområde, planID 201302, §§ 2.1, 2.1.1, 2.1.2 og 2.1.3, til vesentleg terrenginngrep/masseuttak for opparbeiding av tomt/grunnarbeid, mellombels anleggsveg, utløp-/inntakstunnellar inkludert lukesjakter og fylling i sjø, på gbnr 274/9, Lutelandet.

Grunngjeving går fram av saksutgreiing.

I samsvar med plan- og bygningslova § 21-4, jf. §§ 20-1 k) og 20-3, godkjenner Fjaler kommune søknad om rammeløyve til vesentleg terrenginngrep/masseuttak for opparbeiding av tomt/grunnarbeid, mellombels anleggsveg, utløp-/inntakstunnellar inkludert lukesjakter og fylling i sjø i samsvar med situasjonsplan D01, D02 og D03, samt snitt-teikning, datert 27.06.25. Området er ca. 82 000 m², som gjev eit masseuttak på ca. 670 000 fm³. på gbnr 274/9, Lutelandet industriområde.

Følgjande vilkår ligg til grunn for vedtaket:

1. Tiltaket skal vere i samsvar med revidert situasjonsplan D01, D02 og D03, samt snitt-teikning, datert 27.06.25.
2. Anleggsområdet sikrast med anleggsgjerde og skilt for å hindre uvedkommande tilkomst til området.
3. Vegetasjon som torv/myrjord og kystlynghei skal nyttast til revegetering for eksempel langs interne vegar på Lutelandet.
4. Ved bruk av knuseverk/pigghammar skal det etablerast støyskjerm med spesifikke krav til høgde, lengde og plassering.
5. Det skal gjennomførast effektive tiltak for å redusere støvutslepp frå all støvande aktivitet, blant anna ved bruk av støvavskiljar på boreriggar.
6. Det må utarbeidast ein plan for miljøoppfølging (MOP) som tek opp i seg alle mogelege hendingar og tiltak for å avgrense skade på ytre miljø. MOP skal tilpassast kvar fase og elles oppdaterast ved endringar som har/kan ha konsekvens for ytre miljø. Miljøoppfølgingsplan må føreligge seinast ved søknad om igangsetting.
7. Det må lagast ein plan for tiltak for å oppretthalde grunnvassnivå i resterande myrareal nord for tiltaket (utanfor tiltaksområdet).
8. Anleggstart og vegetasjonsrydding må ikkje skje i yngleperioden (mars-juli). Storspove byrjer hekkinga tidleg.
9. Det må utarbeidast plan for lyssetting i anleggs- og driftsfase for å unngå unødig lysbruk og strølys. Fleire av artane registrert i området er sårbare for kunstig lys når det naturleg er mørkt.
10. Tiltaket må unngå/gjere tiltak for å redusere avrenning og utslipp til kystlynghei og myr.
11. Unngå avrenning frå sprengstein, da det vil gjødsle omgjevnadene og påverke det naturlege artsmangfaldet negativt.
12. Ved ev. støypearbeid må behov for tiltak vurderast. Avrenning frå støyp har høg pH, noko om kan påverke vegetasjon i området i lang tid. Vasslevande organismar i ferskvatn er ofte svært sårbare for forhøga pH.
13. ifm. utfylling i sjø skal det nyttast siltgardin eller boblegardin og turbiditetsovervaking for å redusere fare for at partiklar spres til eit større område.
14. Ved avslutning av masseuttak skal entreprenør levere dokumentasjon som viser totale mengdar avgravd og utsprengte masser, samt kvar og korleis massane er gjenbrukt/levert/deponert.

Formannskapet ser at å gi dispensasjon vil ha vesentleg lokal verdiskaping gjennom etablering av nye arbeidsplassar både i anleggsfasen og i den framtidige drifta av oppdrettsanlegget. Det er svært positivt at ein kan unngå utviding av akvakultur i sjø. Ved å flytte fiskeproduksjonen frå sjø til land blir belastninga på natur og miljø redusert og ei meir berekraftig drift blir mogleg.

Utbygginga på Lutelandet styrkjer næringsgrunnlaget i kommunen, gjev auka aktivitet for lokale leverandørar og bidreg til å vidareutvikle Lutelandet industriområde som eit regionalt tyngdepunkt for energi, marin og teknologisk industri. Etableringa vil bidra til eit meir robust lokalsamfunn med positiv utvikling for busetnad og næringsliv i Fjaler.

Saksutgreiing:

Saksutgreiing og vurdering må på grunn av størrelse/mengde følgje som vedlegg.

Vedlegg i saka:

26.11.202	Spørsmål og svar til formannskapssak 063-25	37196
5		4
20.11.202	Saksutgreiing og vurdering jp 25_20428	37162
5		0
20.11.202	Situasjonsplan D01	37159
5		3
20.11.202	Situasjonsplan D02	37159
5		4
20.11.202	Situasjonsplan D03	37159
5		5
20.11.202	Snitteikning	37159
5		6
20.11.202	Illustrasjonar	37159
5		7
20.11.202	Følgjebrev til rammesøknad	37159
5		8
20.11.202	Referat frå førehandskonferanse	37159
5		9
20.11.202	Massehandteringsplan	37160
5		0
20.11.202	Premissnotat vatn, avlaup og overvatn	37160
5		1
20.11.202	Utgreiing - Konsekvensnotat - Naturmangfald i sjø	37160
5		2
20.11.202	18_KORR_RedegjoerelseAndreNaturMiljoeforhold_Q05_Naturmangfold i sjø konsekvensnotat revidert (1).pdf	37160
5		3
20.11.202	19_KORR_RedegjoerelseAndreNaturMiljoeforhold_Q02_10254015-05-RIM-Not-001- Naturmangfald på Lutelandet.pdf	37160
5		4
20.11.202	20_KORR_RedegjoerelseAndreNaturMiljoeforhold_Q03_Miljøteknisk datarapport -Bue Salmon (1) (1).pdf	37160
5		5
20.11.202	Vurdering av naturpåkjenning og områdestabilitet etter NVE 1-2019	37160
5		6
20.11.202	Strandsoneundersøking	37160
5		7

20.11.202	Fjæreundersøking ved Lutelandet	37160
5		8
20.11.202	Avklaring høgspeint - BKK	37160
5		9
20.11.202	Gjennomføringsplan	37161
5		0
20.11.202	Statsforvalter avventer behandling av søknad om tillatelse etter forurensningsloven til saken er planavklart	37161
5		1
20.11.202	Fråsegn - dispensasjon - Fjaler 274/9 - Korssundvegen - landbasert oppdrettsanlegg	37161
5		2
20.11.202	Uttale - dispensasjon - landbasert oppdrettsanlegg - gbnr 274/9 - Fjaler kommune	37161
5		3
20.11.202	Kulturmiljøfagleg fråsegn - Til uttale - dispensasjon - landbasert oppdrettsanlegg - gnr. 274 bnr. 9 - Fjaler kommune	37161
5		4
20.11.202	Vedtak frå Mattilsynet	37161
5		5
20.11.202	Vedtak om løyve etter matlova	37161
5		6
20.11.202	Løyve etter forureiningslova - Statsforvalteren i Vestland	37161
5		7
20.11.202	Løyvedokument	37161
5		8
20.11.202	Akvakulturløyve for matfisk av laks aure og regnbogeaure på lokalitet Lutelandet i Fjaler	37161
5		9
23.10.202	5_KORR_Annet_Q06_Vestland fylkeskommune10.1 Bue Salmon AS org. nr. 916 066 899 Akvakulturløyve for matfisk av laks aure og regnbogeaure på lokalitet Lutelandet i Fjaler (1) (2) (1).pdf	36932
5		4
23.10.202	8_KORR_Annet_Q07_Statsforvalteren i Vestland_10.1.1_Bue Salmon AS løyvedokument Lutelandet (1) (1) (1).pdf	36932
5		7
23.10.202	10_KORR_Annet_Q08_Statsforvalteren i Vestland_10.1.2_Vedtak om løyve etter forureiningslova Bue Salmon AS (1) (1) (1).pdf	36932
5		9
23.10.202	11_KORR_Annet_Q04_BSL-RIG-NOT-XXXXXX-005_Geoteknisk_premissnotat_og_områdestabilitet_for_tomteforbredelse r (1).pdf	36933
5		0